

— 29 —

mykje aa segja han og, ei god tid frametter. No gjeng det daa snøgt nedetter med norsken i skrift. Dansk og svensk og norsk, gamle og nye maalføreformer, blandar seg i ei endelaus røra, ofte i same brevet. Det som vinn seg mest fram er dansken.

Den danske politik hjelte godt til aa tyna det norske bokmaalet og stydja framandmaalet. Paa erkebispestolen i Nidaros vart norsk bruka til 1510, daa erkebisp Gaute døydde. Til hans etterman fekk den danske kongemagt utnemnd ein dansk mann Erik Valkendorff. Dermed hadde norsken skrive sitt siste ord fraa det norske erkebispesættet, og kongemagti og den øvste kyrkje-magti fekk med alt dette stempla dansken til æra og til offentlegt bokmaal i Norig. Dei danske hovdingar paa dei norske slotti, og danskfodde eller dansklyndte bispar studde godt oppunder fordanskingi. I skrift var det berre rettsmaalet som paa ein maate enno var norsk. Det var ikkje eingong so mykje tak i nordmennerne at dei kunde klaga yver tilstandet. Og um dei so hadde gjort, hadde dei vel fenge same svaret som daa det norske riksråadet i 1513 klaga for di dei store norske embætti vart gjevne til danskar i staden for til innfødde nordmenner som logi baud: „Min herres naade“, svara kanslaren, „har overveiet, at adelen udi Norge er fast uddøet, og vil hans Naade forse kronens len og slotte i Norge med Norges og Danmarks ædlinger og indfødte mænd“.

Sistpaa i dette tidebilet kann me daa segja at norsken som vanlegt bokmaal i Norig*) endla si soga, som eingong var so ærefull og glimande, men mot enden so reint armodslæg.

Men um norsken vart undantrengd i skrift,